

Hovden: tysdag 15.01

Kl. 17:30 - Troll - Kongens hale (Norsk tale (6 år)

Kl. 19:30- Sonja

Bykle: onsdag 16.01

Kl. 18:00 - Troll - Kongens hale (Norsk tale (6 år)

Kl. 20:00- Sonja

Hovden: tysdag 29.01

Kl. 17:30 - Drage treneren 3 (Norsk tale)

Bykle: onsdag 30.01

Kl. 18:00 - Drage treneren 3 (Norsk tale)



Prosjektkor

4. mars kjem ein eller to drivande amerikanske gospelsongarar til Bykle. I samband med dette skal vi ha eit prosjektkor som skal synge i lag med dei. Vi treng songarar. Har du lyst til å prøve deg som korsongar, er dette ein fin sjanse. Første øving er **tysdag 7. jan. kl. 19.00** på Bykle barne- og ungdomsskule. Har du spørsmål kontakt Ole Morten Egeland mob: 909 10 269, eller andre du kjenner i Bykle songlag.

Middagsfelleskap i Bykle kyrkje våren 2019

Me inviterer til middag i kyrkjekjellaren fylgjande dagar:

- Tysdag 15. januar: fiskerett
- Tysdag 5. februar
- Tysdag 5.mars
- Tysdag 2.april

Middag frå kl 16:30. Pris kr 50,- for vaksne, born u/10 år gratis. Velkomen!

Arr: Diakontenesta i Bykle

Terminliste langrenn 2018-19

Bykle IL, Hovden Sportsklubb og Valle IL arrangerer Øvre Setesdal Cup med renn i Bykle, på Hovden og i Brokke. I tillegg arrangerer Bykle IL i samarbeid med Valle Sparebank karusellrenn i Bykle lysløype.

Alle renn starter kl. 18:00. Vel møtt!

Øvre Setesdal Cup

08.01.19 Klassisk Bykle
22.01.19 Klassisk Brokke
05.02.19 Klassisk Bykle
12.02.19 Fristil Brokke
05.03.19 Fristil Hovden

Valle Sparebank karusellrenn

29.01.19 Fristil
26.02.19 Fristil/skimerkeprøve
12.03.19 Fristil/skimerkeprøve
19.03.19 Klassisk

Turrenn

23.02.19 Støyledalslåmi - Bykle
09.03.19 Sesilåmi - Brokke
16.03.19 Hovdentour - Hovden
20.03.18 Klassisk

Øvre Setesdal Cup: Alle over 7 år som deltek i minst 4 renn får premie (1 renn på kvar stad—det 4 rennet er valfritt)

Valle Sparebank karusellrenn: deltaking i 2 av 4 renn gjev premie.



www.bykleil.no



Gudstenester og møte



Facebook: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Sundag 6.jan kl.10.00: gudsteneste i Bykle kyrkje

Sundag 20.jan kl.19.00: gudsteneste i Fjellgardane kyrkje

Sundag 3.feb kl.19.00: gudsteneste i Bykle kyrkje



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Møte i Trydal bedehus

Fredag 8. februar kl.18.00. Misjonær Cyril Pedersen fortel om misjonsarbeid i Argentina

Turid og Karl Torstveit og Sigrd Bjørgum deltek med sang og musikk. Kollekt og kveldsmat. Velkomen.

Arr: Trydal misjonslag

Møte

Velkommen til møte i kyrkjekjellaren kl. 19.00.

Onsdag 16.01 tale av Wenche Lunde (videoopptak)

Onsdag 30.01 bibeltide av Johan Sagrusten(videoopptak)

Arr: NLM

Normisjon møte

Møte i Bykle kyrkje, kyrkjekjellaren, 22. og 23. januar kl 19.30.

Arne Inge Vålandsmyr taler over temaet Sanning, frå Disippels-kulen.

Arr: Bykle Normisjon

Musikalsk hardingfelekåseri av Gunnar Stubseid

Gunnar Stubseid, musikal, skribent og folkemusikkgranskar serverer eit musikalsk hardingfelekåseri i samband med bokutgjevinga «Legendariske hardingfeler, femti feler 1750-1950». Eit utval av felene frå boka blir med på turne rundt i Agder. Stubseid presenterer interessante historier om felene frå boka, med musikalske innslag innimellom, i ein fortellertradisjon som fortsatt lever blant spelemenn og folkemusikkinteresserte

Bykle samfunnshus 29. januar kl. 18.00



Arr: Bykle Folkeakademi / Kultur & fritid



Foto: Grete Breivik

Spleiselag på vinterløyper!

Det er om lag 180 km med skiløyper i Bykle kommune. Hovden Løypekøyring har eit budsjett på i overkant av 3 millionar kroner for oppkøyring og vedlikehald av traseane. Bykle kommune tek hovudtyngda av kostnaden, men vi har og eit solid spleiselag med hytteeigarar og fastbuande. Løypebidraget har auka år for år og vi takker alle dykk som har bidrege.



Vi oppmodar dykk alle om støtte i form av eit frivillig løypebidrag. For sesongen 2018/19 ber vi om 700 kr. pr. eining / hytte / leilegheit / hus. Bakgrunnen for auka løypebidrag er auka kostnader til oppkøyring av eksisterande og nye løyper. Bykle kommune aukar bidraget sitt med 200.000 kr. Betal til kontonr. 3000.37.70970, eller Vipps til 78203.

ORDFØRAREN INFORMERER

Mange av dei sakene vi jobber med politisk, er kanskje ikkje så kjende for folk flest. I dei neste utgåvene av Byklarene skal eg løfte fram nokre av desse sakene. Denne månaden vil eg seie litt om LVK, eller Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar, som er namnet på organisasjonen. Dette er Noregs nest største kommuneorganisasjon med 175 medlemskommunar. Den har, som navnet antyder, i oppgåve å ivareta vasskraftkommunane sine interesser. For Bykle kommune er LVK umåteleg viktig. Som ordførar i Bykle har eg eit stort engasjement i LVK og er nestleiar i organisasjonen. LVK har eit sekretæariat med dyktige advokatar som ivaretek våre interesser, noko som ofte skjer i rettsalane. Vi politikarar har ansvar for politisk påverknad, eller lobbyverksemd som det ofte vert kalla. Kraftprodusentane og staten jakter på pengane kraftkommunane får gjennom ulike ordningar. Mange av desse ordningane er over 100 år gamle og er nedfelt i lovverket vårt. Bykle er ein av landets største kraftkommunar. Ein stor del av våre gode kommunale tenester er moglege fordi vi får inntekter frå kraftproduksjonen. Vi har i åras løp avgitt vassdrag og store areal er lagt under vatn. Kraftinntektene er meint å vere ein kompensasjon for alt dette. Aldri før har desse rettane stått under så stort press, blant anna har regjeringa sett ned eit såkalla ekspertutval som skal foreslå endringar i kraftskatteordningane. I dette utvalet er ikkje kraftkommunane representert. Dei skal leggje fram si innstilling 1. oktober - to veker etter valet i 2019!





Informasjon frå Bykle kommune

www.bykle.kommune.no

Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersielle hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

Byklaren kjem ut som følgjer i 2019:

Februar (frist 15. januar), **mars** (frist 15. februar), **april** (frist 15. mars), **mai** (frist 15. april), **juni** (frist 15. mai), **juli/august** (frist 15. juni), **september** (frist 15.08), **oktober** (frist 15.09), **november** (frist 15.10) og **desember** (frist 15.11)

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bykle.kommune.no/Innsyn

Planutvalet: 31.1 kl. 18:00

Formannskapet: 16.1 kl. 18:00

Kommunestyret: 14.1 kl. 18:00

[Høyr opptak frå Bykle sine kommunestyremøter.](#)

«Shadow» i januar:

Jr-klubb (5. – 7. trinn):

9.1 - Hovden, kl. 17.30-20.00.

23.1 - Bykle, kl. 17.30-20.00.

Klubb (13 – 18 år):

11.1 - Hovden, kl. 19.00-22.00.

25.1 - Bykle, kl. 19.00-22.00.

Annonsering - Det skjer i Bykle

Ordninga med annonsering i Setesdølen under overskrifta *Det skjer i Bykle* vert avvikla frå nyttår.

Svømming og badstoge i Bykle

Kvar onsdag gjennom skuleåret utanom skuleferiane, er det svømming/badstoge på samfunnshuset i Bykle. Tilbodet er gratis.

Program:

Kl. 16.30 – 17.30: Familiebadning; badning / leik for alle

Kl. 17.30 – 17.45: Svømming (trening / svømmemerker)

Kl. 17.45: : Alle under 16 år må opp av bassenget

Kl. 18.00 – 19.00: Vaksensvømming (f.o.m. 16 år)

Har du lånt krykker fra legekontoret?

Legekontoret i Bykle har lånt ut krykker til byklarar og hyttebyklarar gratis, men no vil vi ha krykkene som ikkje er i bruk tilbake.

Har du krykker ståande, så kan du levere dei på dagtid /setje dei utanfor hovudinngangen til Hovden Helsehus på kveldstid.

Stipend 2. halvår skuleåret 2018/19

Ungdom og vaksne frå Bykle som tek fulltidsstudie på vidaregåande-, høgskule- eller yrkesretta utdanning kan søkje om utdanningsstipend.

Ungdom under 18 år må vere registrerte i Bykle kommune. Vaksne over 18 år må dokumentere samanhengande butid dei 5 siste åra og vere registrerte i Bykle kommune. Lærlingar med 2 års lærekontrakt får stipend første året av kontraktstida.

Kopi av kontrakta må fylgje søknaden.

Elektronisk søknadsskjema finn du på Bykle kommune si heimeside.

Frist: 1. februar

Bykle Frivilligsentral

- «Kafé for Alle» måndagar kl 11- 14 i lokala til Bykle Frivilligsentral, Sarvsvegen 12.
- «Gågruppe for Alle», tysdagar kl 18-19. Oppmøte foran Bykle Frivilligsentral, Sarvsvegen 12. Kontaktperson Bernt Berntsen, tlf nr 913 03 279, og Olav Mandt, tlf nr 901 73 940.
- Bygdemiddagar i Bykle og på Hovden. Sjå heimesida bykle.frivilligsentral.no for meir informasjon.
- Ungdomskafé i Bykle: Måndag og torsdag kl 17-20.30 på klubbhuset i Bykle.
- Snikkargruppe i Mosdølsvegen 14, kvar tysdag kl 18-22. Kontaktperson er Olav Mosdøl, tlf: 907 60 721
- Smørekurs for langrennsski – følg med på heimesida og sentralens FB-side for meir informasjon. Kontaktperson er Svein Olav Utistog i frå Hovden Skigymnas AS.

Har du forslag til aktivitetar eller andre forespurnader til Bykle Frivilligsentral, ta kontakt med Harald von Krogh Alfstad på tlf: 917 18 300.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån – fre: 08:00 – 15:30

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

Tømekalender

Restavfall: 16.1

Matavfall: 2.1, 16.1, 30.1

Glas/metall, papir og plast: 2.1, 30.1

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30.

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Kontaktinfo: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

T: 37930040 post@smg-iks.no Sjå www.smg-iks.no

Tannlegar

Bykle tannklinikk - 37938617, Bykle helsesenter.

Klinikken er open: Kl. 08:00 - 15:15

Oddelsveker: tysdag, onsdag, torsdag, fredag.

Partallsveker: tysdag, onsdag.

Vi har ledig kapasitet og tek gjerne imot nye pasientar!

Hovden Tannklinikk, Hovdetun - Ring 37885588 for time.

Boksirke

Biblioteket, Hovden grendehus
onsdag 9/1 kl. 19-20. Vi diskuterer boka *Historien om Pi*.

Biblioteket kan hjelpe deg med å skaffe boka. Det er plass til nye medlem.

Arr: Biblioteket .



Bykle samfunnshus og bibliotek

Velkommen til nye og gamle brukarar!

I biblioteket er det trivelig å sitte, og vi spanderer gjerne ein kopp kaffi eller te. Gratis wifi og aviser og tidsskrifter til utlån.


◊ Opningstider i samband med skuleferiar: man-tors. kl. 12.-17.

◊ Ordinære tider: man – ons. kl.14.-19. tors kl. 15.-17. Fredag stengt.

Kultur & fritid arrangerar ope basseng og badstoge onsdagar gjennom skuleåret. Dette er eit gratis tilbod – sjå info på www.bykle.kommune.no

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål:

samfunnshuset@bykle.kommune.no Tel. 37 93 86 94



Hovden grendehus og bibliotek

Velkommen til nye og gamle brukarar!

I foajeen er det trivelig å slå seg ned, vi spanderer gjerne ein kopp kaffi eller te. Gratis wifi og aviser og tidsskrift til utlån.

◊ Ei lita justering av opningstida i samband med skuleferiar: alle kvardagar kl. 9.-16.

◊ Ordinære opningstider er uendra: man-tors. kl. 8.-22. og fre kl. 9.-16.

På «Hemsen» er det gratis å spille bordtennis og biljard. Kaffi/te kan serverast til grupper/møter ved førehandsbestilling. Pris er kr. 75,- pr. kanne kaffi
Inntil 8 personar kan forsyne seg ved resepsjonsdisken, men er ein fleire som vil ha kaffi/te, må det bestillast kanner.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål:

grendehuset@bykle.kommune.no Tel. 37 93 86 93

Følgande gjeld for begge husa:

Biblioteket tilbyr lånekort, utlån-PC og internett, skanning, kopiering, utskrift, laminering m.m. – og sjølvstøtt utlån av bøker, lydbøker, e-bøker, film m.m.

Gratis bruk av treningsrom for fastbuande – i år innfører vi «Innbyggarkortet», som du kan vise fram for å få trene gratis utanom tider reservert til Hovden Skigymnas. Treningsavgift for andre: Kr. 80,- pr. gong, klyppekort 10 gonger kr. 500,-, årskort kr. 1000,-.

Møte eller arrangement? Gratis lokale for frivillige lag i kommunen. Det er innført betaling (kr. 1.000,-) for leige av lokale til fastbuande privatpersonar. Barneselskap er gratis. Sjå her for oversikt og prisar på utleige av lokale og utstyr: www.bykle.kommune.no/hovden-grendehus

Nytt år, er at alt utlån og innlevering av utstyr må foregå i husets opningstid. Det er også ein del nye priskategoriar, som du finn i prislista.

Kino og arrangement blir annonsert i Byklaren, på kommunens Facebookside m.m. Sjå også www.ebillett.no/hovden

Språkkafé

Biblioteket, Hovden grendehus **onsdag 22/1 kl. 18-19.**

Velkomen alle som vil øve på å snakke norsk, og velkomen også til deg som snakkar norsk, men som vil bli kjent med nye folk.

